

Circus Arnardo til Herøysundet i år.

19.06.2016



Circus Arnardo kjem med eit kobbelt av dyktige artistar.(Foto: Fridgeir Walderhaug)

**Circus Arnardo er inne i sin 68. sesong, og også denne gongen kjem dei til Kvinnherad. Men etter å ha besøkt Uskedalen og Rabben om lag 35 gonger, kjem dei ikkje hit til bygda denne gongen. Torsdag 7.juli vert det store sirkusteltet sett opp på grusbanen i Herøysundet, og det vert førestilling der kl.18 om kvelden.**



Chris Pettersen er internasjonalt kjent linedansar som m.a. deltok på avslutningsseremonien under OL i London(Foto: Felix Wey)  
Av artistane i år er Circus Arnardo særleg stolt av at dei kan presentera ein internasjonalt kjent norsk linedansar.  
Christer Pettersen. Chris opptrødde i ein førestilling allereie som 9-åring.

- Han banka på døra mi som niåring og fekk lov å prøva seg i førestillingen. Men å bli med på turné var han jo for ung til. No er han ikkje det lenger, og vi gleder oss stort til å ha med ein ekte norsk cirkusartist. Du veit, det er ikkje så mange av oss, uttalar cirkusdirektør Arild Arnardo som sjølv var ung linedansar i Cirkus Arnardo for nokre tiår sidan.



Dyr har også sin plass i forestillingen.(Foto: Fridgeir Walderhaug)

No er altså alt klappa og klart og Circus Arnardo er ute på landevegen for å besøkja store og små stader i det ganske land. Også i år er Arnardo det einaste av dei store sirkusa som turnerer rundt i landet. For dei er alltid målet å følgja opp cirkuskongen Arne Arnardo sitt motto; "Det å gjera andre glad, er den beste gleda ein kan ha".  
- For oss er det altoverskyggande å behalda den kjente Arnardo-atmosfæren, uttalar Arild Arnardo og det mener han bestemt at dei har klart også i år og lovar eit variert og spenstig program. 7.juli kan kvinnheringane oppleva det på grusbanen i Herøysundet.

Medan vi ventar, kan vi kosa oss med denne [filmsnutten på 2 minutt](#) og verta kjent med nokre av årets artistar.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Circus Arnardo.